# Lover for 4H Norge

Vedtatt på landsmøtet
22.-23. juli 2016

## Lover for 4H Norge

### § 1. Organisasjon

1. Organisasjonen 4H Norge er bygd opp av 4H-klubbane, 4H i fylka (kalla 4H "fylkesnamn") og sentralleddet 4H Norge.

2. 4H Norge har sete og verneting i Skedsmo.

3. Administrasjonen i 4H Norge er organisert gjennom eit sekretariat og vert leia av ein generalsekretær.

### § 2. Føremål

1. 4H Norge er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig.

2. Føremålet til organisasjonen er å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

3. Grunnlaget for arbeidet i organisasjonen finst i naturbruksnæringane og lokalmiljøet.

4. Målsetjinga for 4H Norge er uttrykt gjennom 4H-lovnaden:
   Vi lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse.

### § 3. Arbeid i organisasjonen

1. Arbeidsoppgåvene for organisasjonen er gjennom 4H-klubbane å
   a. leggje til rette for og oppmode til allsidig 4H-arbeid for barn og ungdom slik at dei utviklar seg til aktive unge med fagleg innsikt, praktisk kunnskap og sosialt engasjement.
   b. medverke til samhøyr, aktivitet og trivsel i lokalsamfunnet ved gjennomføring av 4H-aktivitetar blant barn og ungdom.
   c. drive opplæring gjennom 4H-prosjekt, klubbaktivitetar, kurs, leirar og andre arbeidsformer etter prinsippet *Å lære ved å gjere.*
   d. leggje til rette for at flest mogleg gjennomfører 4H-programmet, oppnår 4H-vitnemålet og plaketten samt held fram vidare i 4H som alumnar og/eller klubbrådgjevarar.

2. Organisasjonen kan også drive 4H-arbeid organisert gjennom 4H-gardar, korttidsgrupper og skoleverket.

3. 4H Norge har eit internasjonalt engasjement og samarbeider med 4H-liknande organisasjonar i andre land.

### § 4. Medlemmer

1. 4H Norge har desse hovudformene for medlemskap:
   a) barn og ungdom i alderen 10-25 år organisert gjennom lokale 4H-klubbar
   b) 4H-klubbar
   c) 4H-alumnar
   d) 4H-gardar
   e) kløvermedlemmer
   f) arrangementsmedlemmer
   g) støttemedlemmar
   h) æresmedlemmer som er votert inn av landsmøtet i 4H Norge

i) organisasjonar som vil støtte 4H-arbeidet og som er votert inn av landsmøtet i 4H Norge.

2. Andre former for medlemskap enn dei som er nemnde under pkt. 1 kan godkjennast ved ordinært landsmøtevedtak.

3. Medlemskap (for andre enn æresmedlemmer) er berre gyldig etter betalt kontingent. Medlemmer som ikkje har betalt kontingent for arbeidsåret vert strokne.

4. Landsstyret kan suspendere eller stengje ute medlemmer som har motarbeidd 4H Norge eller skadd omdømmet til organisasjonen. Slikt vedtak kan ankast inn for overprøving i landsmøtet i 4H Norge. Medlemmen vert rekna som suspendert/utestengd medan handsaminga av anken går føre seg. Medlemmen skal gjevast rett til å gjere greie for saka si i dei fora som handsamar saka.

5. Berre medlemmer av kategoriane definert i pkt. 1 bokstav a, c, f, g og h kan veljast til styrande organ i 4H Norge. Tilsette på lands- og fylkesplan kan ikkje veljast inn i lands- eller fylkesstyre anna enn som representant for dei tilsette.

**§ 5. Landsmøte**

1. Landsmøtet i 4H Norge har det overordna ansvaret for arbeidet i organisasjonen.

2. Landsmøtet i 4H Norge er samansett av:
   a. Representantar valde av fylkesårsmøta blant medlemmene i dei lokale 4H-klubbane og arrangementsmedlemmene.
      - Fylke med 1-24 klubbar har ein (1) representant.
      - Fylke med 25-49 klubbar har to (2) representantar.
      - Fylke med 50-74 klubbar har tre (3) representantar.
      - Fylke med 75 eller fleire klubbar har fire (4) representantar.

      Talet på representantar vert fastlagt ut frå klubbtala slik dei ligg føre per 1.1. i landsmøteåret. Arrangementsmedlemmene utgjer i denne samanhengen ein (1) klubb.
   b. Leiarane i fylkesstyra eller annan representant frå fylket.
   c. To (2) representantar for Norske 4H-alumner.
   d. To (2) representantar for 4H-gård Norge.
   e. To (2) representantar for dei tilsette.
   f. Medlemmene i landsstyret.
   g. Æresmedlemmene i 4H Norge.
   h. Ein (1) representant for kvar av medlemsorganisasjonane i 4H Norge.

3. Ordinært landsmøte i 4H Norge vert halde annakvart år. Nærare tid og stad vert fastsett av landsstyret i samråd med ordførar i landsmøtet og gjort kjent i organisasjonen seks (6) månader før landsmøtet skal haldast. Kunngjeringa skal også opplyse om fristane for innsending av saker til landsmøtet, jfr. pkt. 5.

4. Landsmøtet vert kalla saman og leia av ordføraren. Innkalling med sakliste skal sendast landsmøterepresentantane minst seks (6) veker før landsmøtet.

5. Rett til å fremje saker til landsmøtet i 4H Norge har alle landsmøterepresentantar, landsstyret, fylkesårsmøta og fylkesstyra. Sakar som skal handsamast i landsmøtet må vere sendt til landsstyret seinast to (2) månader før landsmøtet.
   For framlegg til lovendringar gjeld §15.

6. Saksdokument som strategiske planar, framlegg til handlingsprogram, endring av vedtekter og andre prinsipielle saker, skal sendast ut saman med landsstyret si innstilling samtidig med innkallinga. Andre saksdokument skal sendast ut minst to (2) veker før landsmøtet.

7. Landsmøtet i 4H Norge kan gjere vedtak når minst halvparten av dei som i følgje lovene er røysteføre landsmøterepresentantar, er til stades. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster. Vedtak vert gjort med absolutt fleirtal (meir enn 50 % av dei gjevne røystene) når ikkje anna er nemnt i lovene.

8. Det skal førast protokoll frå landsmøtet i 4H Norge.

9. Landsmøtet skal opnast med 4H-lovnaden, jfr. § 2.4.

10. Ordinært landsmøte i 4H Norge skal handsame:
    a. Val av to (2) representantar til å skrive under protokollen saman med ordføraren.
    b. Forretningsorden for landsmøtet.
    c. Årsmelding frå landsstyret for dei siste to (2) åra.
    d. Revidert rekneskap for dei siste to (2) åra.
    e. Innkomne saker, jfr. pkt. 5.
    f. generaldebatt
    g. Strategiske planar
    h. Budsjett for to (2) år med fastsetjing av kontingentar og godtgjering til styremedlemmene.
    i. Tilsetjing av revisor.
    j. Val for to (2) år av:
        - Ordførar og varaordførar i landsmøtet.
        - Landsstyre som skal ha fem (5) medlemmer med tre (3) varamedlemmer i rekkjefølgje. Leiar i landsstyret skal veljast av landsmøtet. Leiarvalet skal gjerast før valet av andre styremedlemmer.
        - Valkomité for neste landsmøte på fem (5) medlemmer med tre (3) varamedlemmer i rekkjefølgje.

11. Landsstyret, æresmedlemmene i 4H Norge og valde representantar for medlemsorganisasjonar har talerett, men ikkje røysterett i landsmøtet. Andre kan ved landsmøtevedtak også gjevast talerett, men ikkje røysterett i landsmøtet.

12. Dei tilsette sine representantar i landsmøtet har ikkje røysterett under posten val.

13. Det skal vere skriftleg val på leiar og styremedlemmer i landsstyret. Ved personval utanom dette, skal det vere skriftleg val dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.

14. Ekstraordinært landsmøte i 4H Norge vert halde når landsstyret eller minst 25 av landsmøterepresentantane frå siste landsmøte krev det. Berre dei sakene som er nemnde i innkallinga, kan handsamast. Tidsfristar for innkalling og for utsending av saker er som for ordinært landsmøte.

15. Reise- og opphaldsutgifter for landsmøterepresentantane vert dekt av den dei representerer.

**§ 6. Rådsmøte**

1. Rådsmøtet i 4H Norge er samansett av landsstyret og leiar eller annan representant frå høvesvis fylkesstyra, Norske 4H-alumner og 4H-gård Norge.

2. Rådsmøtet i 4H Norge skal vere rådgjevande organ for landsstyret, og vert kalla inn av landsstyret når det er behov for det. Rådsmøtet kan også kalle seg inn sjølv dersom minst ein tredel (1/3) av rådsmedlemmene krev det.

3. Landsstyret har ansvar for å utarbeide program for rådsmøtet og sende ut saksdokument. Frist for innkalling er fire (4) veker før møtedato. Desse tidsfristane kan fråvikast dersom minst ein tredel (1/3) av rådsmedlemmene godkjenner det.

4. Generalsekretæren har tale- og framleggsrett i rådsmøtet dersom rådsmøtet ikkje vedtek noko anna.

5. Det skal førast protokoll frå alle møta i rådet.

**§ 7. Landsstyret**

1. Landsstyret i 4H Norge har sju (7) medlemmer:
    a. fem (5) medlemmer valde av landsmøtet i 4H Norge
    b. ein (1) medlem oppnemnd av Landbruksdepartementet, for to (2) år av gongen
    c. ein (1) representant for dei tilsette, for to (2) år av gongen.

2. Landsstyret vel sjølv sin nestleiar.

3. Generalsekretæren har tale- og framleggsrett i landsstyret dersom landsstyret ikkje vedtek noko anna.

4. Ordførar i landsmøtet kan delta i landsstyremøta utan røysterett.

5. Styret i Norske 4H-alumner skal få tilbod om å møte i landsstyret med ein (1) representant med tale- og framleggsrett.

6. For gyldig vedtak i landsstyret vert det kravd at minst fire (4) medlemmer har røysta for framlegget.

7. Landsstyret skal:
    a. vere styringsorgan for 4H Norge i samsvar med lovene for 4H Norge og vedtak gjort i landsmøtet for 4H Norge.
    b. vedta normalvedtekter for 4H-klubbar, 4H-nemnder og fylkesledd, samt godkjenne vedtekter for fylkesledd, Norske 4H-alumner og 4H-gård Norge.
    c. ha ansvar i organisatoriske og økonomiske saker, under dette også tilsetje og avsetje generalsekretær og vedta rutinar for internkontroll.
    d. leggje hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker som gjeld utvikling av 4H-arbeidet og utnytting av organisasjonen sine ressursar.
    e. forvalte organisasjonen sine midlar med låg risiko og i samsvar med føremålet til organisasjonen.
    f. gjere avtalar med departement, organisasjonar og andre.
    g. kalle inn til rådsmøte i samsvar med § 6 og leie møtet.
    h. vurdere medlemskap for 4H Norge i andre organisasjonar, jfr. § 14.
    i. vere ankeinstans for saker avgjort av fylkesstyra.
    j. vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til landsmøtet for 4H Norge.

8. Landsstyret kan oppnemne utgreiingsutval for spesielle saker.

9. Leiar i landsstyret og generalsekretæren i fellesskap forpliktar organisasjonen med sine underskrifter.

10. Det skal førast protokoll frå alle landsstyremøte.

**§ 8. 4H-fylkesårsmøte**

1. Fylkesårsmøtet er organisasjonen sitt høgaste organ på fylkesplan.

2. Fylkesårsmøtet har det overordna ansvaret i organisatoriske og økonomiske spørsmål.

3. Fylkesårsmøtet er samansett av:
   a) To (2) representantar frå kvar 4H-klubb valde på årsmøta i klubbane.
   b) Ein (1) representant for dei frammøtte arrangementsmedlemmene.
   c) Ein (1) representant for dei frammøtte kløvermedlemmene.
   d) To (2) representantar oppnemnde av landbruksavdelinga i fylket.
   e) To (2) representantar for 4H-alumnane i fylke der dei har eige fylkesledd.
   f) Ein (1) representant frå kvar av medlemsorganisasjonane. Desse møter utan røysterett.
   g) Medlemmene i fylkesstyret.

4. Det skal førast protokoll frå fylkesårsmøta.

5. Fylkesårsmøtet vedtek sjølv sine vedtekter etter mønster av 4H Norge sine normalvedtekter for fylkesledd. Desse vedtektene skal godkjennast av landsstyret.

**§ 9. 4H-fylkesstyre**

1. 4H-fylkesstyret har fem (5) medlemmer: Leiar, nestleiar og tre (3) styremedlemmer.
   a. Fire (4) av desse vert valde av fylkesårsmøtet mellom medlemmene i 4H
   b. Ein (1) av desse vert oppnemnd av landbruksavdelinga i fylket. Fylke som ønskjer to (2) oppnemnde medlemmer, får høve til det.

2. I fylke som har eige fylkesledd av Norske 4H-alumner, skal fylkesalumnklubben få tilbod om å møte i fylkesstyret med ein (1) representant med tale- og framleggsrett.

3. Fylkesstyret vel sjølv sin nestleiar.

4. For gyldig vedtak i fylkesstyret vert det kravd at minst tre (3) medlemmer har røysta for framlegget.

5. Fylkesstyret skal m.a.:
   a. vere styringsorgan for 4H-arbeidet i fylket i samsvar med lovene for 4H Norge og vedtak gjort i landsmøtet for 4H Norge og i fylkesårsmøtet
   b. ha ansvar i organisatoriske og økonomiske saker for 4H i fylket
   c. leggje hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker som gjeld utvikling av 4H-arbeidet og utnytting av organisasjonen sine ressursar i fylket
   d. sørgje for at 4H-klubbane får best mogleg støtte og rådgjeving.

6. Det skal førast protokoll frå alle fylkesstyremøte.

**§ 10. 4H-klubbane**

1. Ein 4H-klubb er open for medlemskap for alle barn og ungdomar mellom 10 og 25 år som vil følgje 4H sine vedtekter og retningsliner, men dei klubbane som ynskjer, kan ha yngre medlemmar. Klubben skal ha eit sjølvstendig namn og eigne vedtekter.

2. 4H-klubbane er det primære leddet i organisasjonen.

3. Ein 4H-klubb skal ha sitt eige valde styre samansett av klubbmedlemmer mellom 10 og 25 år på veg mot plaketten. Klubbstyret har ansvar for drifta av 4H-klubben i samråd med klubbrådgjevarane.

4. 4H-klubben skal ha vaksne klubbrådgjevarar med rådgjevarfunksjon overfor styret og medlemmene.

5. Klubbrådgjevarar og 4H-alumnar har ikkje røysterett ved avrøystingar i 4H-klubben. Dei kan heller ikkje veljast til styrefunksjonar i 4H-klubben.

6. Årsmøtet i 4H-klubben vedtek sine eigne vedtekter innafor ramma av 4H Norge sine normalvedtekter for 4H-klubbar. Vedtektene må godkjennast av fylkestyret før dei er gyldige. Dersom dette ikkje er gjort, er 4H-klubben automatisk underlagt normalvedtektene for 4H-klubbar.

**§ 11. 4H-nemnd**

1. Det kan opprettast 4H-nemder som er er ein sjølvstendig juridisk eining. Nemnda fungerer som eit fellesorgan for 4H-klubbane i kommunen eller i ein større region.
2. 4H-nemnda vedtek sine eigne vedtekter innafor ramma av 4H Norge sine normalvedtekter for 4H-nemnder. Vedtektene må godkjennast av fylkesstyret før dei er gyldige. Dersom dette ikkje er gjort, er 4H-nemnda automatisk underlagt normalvedtektene for 4H-nemnder.

**§ 12. Norske 4H-alumner**

1. 4H-alumnane er organiserte i Norske 4H-alumner.

2. Norske 4H-alumner er underlagt lovene for 4H Norge, men vedtek sine eigne vedtekter. Desse skal godkjennast av landsstyret i 4H Norge.

**§ 13. 4H-gård Norge**

1. 4H-gardane er organiserte i 4H-gård Norge.

2. 4H-gård Norge er underlagt lovene for 4H Norge, men vedtek sine eigne vedtekter. Desse skal godkjennast av landsstyret i 4H Norge.

**§ 14. Medlemskap i andre organisasjonar**

1. 4H Norge kan søkje medlemskap i andre ideelle organisasjonar/institusjonar som er partipolitisk uavhengige.

2. Slik søknad vert vedteken av landsstyret.

**§ 15. Lovendringar**

1. Framlegg til endring av desse lovene må vere framsett av eit fylkesstyre, av eit fylkesårsmøte, landsstyret eller av minst fem (5) representantar i landsmøtet.

2. Framlegg frå andre enn landsstyret må leggjast fram for landsstyret minst fire (4) månader før landsmøtet. Framlegget med landsstyret si innstilling, skal sendast til landsmøterepresentantane innan seks (6) veker før landsmøtet.

3. Vedtak om lovendring krev minst to tredelar (2/3) av dei gjevne røystene i landsmøtet.

4. Lovendringar trer i kraft straks.

**§ 16. Oppløysing**

1. Framlegg om å oppløyse 4H Norge må vere framsett på eit landsmøte for 4H Norge for realitetshandsaming på landsmøtet to (2) år etter. Framlegget vedlagt utsegn frå landsstyret, skal sendast landsmøterepresentantane minst seks (6) veker før det landsmøtet som skal realitetshandsame framlegget.

2. Vedtak om å oppløyse 4H Norge krev minst tre firedels (3/4) fleirtal av dei frammøtte landsmøterepresentantane. Etter eventuell oppløysing skal pengar og andre verdiar som organisasjonen eig, overlatast til Det Kongelige Selskap for Norges Vel som opprettar eit fond av desse. Rentene av dette fondet skal heilt eller delvis brukast til å fremje dei same eller liknande føremål som det 4H Norge arbeider for.

3. Vert det seinare oppretta ein ny, landsomfattande organisasjon med same eller liknande føremål som 4H Norge, kan Det Kongelige Selskap for Norges Vel heilt eller delvis overlate til denne å bruke restane av fondet for å fremje måla til den nye organisasjonen.